



Protokoll for årsmøte i Mental Helse Fjord 11. februar 2025 kl. 18:00 – 19:30 på Stordal frivilligsentral

Sak 1: Opning av årsmøtet.

Styreleiar Anna Margrethe Drægebø Moe ønskte velkommen og konstituerte møtet.

1.1: Frammøtte medlemmer med gyldig medlemskap.

16 medlemmer møtte.

1.2: Innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. Dagsorden vart referert og samrøystes godkjent.

1.3: Val av møteleiar og sekretær for årsmøtet.

Einar Søvik vart samrøystes vald til møteleiar og Anna Margrethe Drægebø Moe til sekretær. Møteleiar og sekretær tok sete.

1.4: Fastsetting av forretningsorden.

Framlagt forslag til forretningsorden vart vedteken.

1.5: Val av protokollunderskrivarar.

Else Midtbust og May Britt Stavseng vart samrøystes valt.

1.6: Val av teljekorps.

Det vart ikkje valt teljekorps.

Sak 2: Årsmelding 2024 - 2025

Styreleiaren gjekk gjennom årsmeldinga, og det vart opna for spørsmål.

Innstilling frå styret: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga.

Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.

Sak 3: Rekneskap 2024

Styreleiar orienterte om rekneskapen, og det vart opna for spørsmål.

Innstilling frå styret: Årsmøtet godkjenner revidert rekneskap.

Samrøystes vedtak i tråd med innstillinga.

Sak 4: Fastsettelse av honorar/godtgjersle for styret

Innstilling frå styret: Årsmøtet vedtek at det ikkje vert betalt honorar til styret.

Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.

Sak 5: Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker.

Sak 6: Handlingsplan 2025 - 2026

Styreleiar orienterte, og det vart opna for debatt.

Innstilling frå styret: Årsmøtet vedtek forslaget til handlingsplan.

Ingrid Løset foreslo å føye til dato i siste punkt under avsnittet om å knytte nettverk, slik at det står ... Verdensdagen for sjølvmoedsførebygging 10. september.

Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling med endringa som kom fram.

Sak 7: Budsjett 2025

Styreleiar orienterte, og det vart opna for debatt.

Innstilling frå styret: Årsmøtet vedtek forslaget til retningsgjevande budsjett.

Samrøystes vedtak i tråd med styret si innstilling.

Sak 8: Val:

Møteleiar refererte valkomiteen si innstilling.

8.1: Val av styre:

Valkomiteen si innstilling: Attval av Anna Margrethe Drægebø Moe som leiar og Ingebjørg Vestre til styremedlem med 1. Torill Sandvik og 2. Tora Moe som varamedlemmer.

Alle vart samrøystes valt.

Styret fekk slik samansetjing:

Anna Margrethe Drægebø Moe – leiar – valt for 2 år

Jorunn Vestre – kasserar

Ingebjørg Vestre – styremedlem valt for 2 år

Marit Abelvik – styremedlem –

1. Torill Sandvik – varamedlem – valt for eitt år

2. Tora Moe – varamedlem – valt for eitt år

8.2: Val av to delegatar med tre varamedlemmer i rekkefølge til fylkesårsmøtet:

Møteleiar refererte følgjande forslag frå styret:

I tillegg til leiar Anna Margrethe Drægebø Moe foreslår styret Jorunn Vestre og Marit Abelvik som delegatar med varamedlemmer i rekkefølge Inger Dyb Søvik, Einar Søvik og Jorunn Langleite.

Alle vart samrøystes valt.

8.3: Val av valkomité:

Valkomiteen si innstilling: Randi Holmen Vestre leiar, Anne Jorunn Nilsen og Arna Øvrebust.

Alle vart samrøystes valt for eitt år.

8.4: Val av revisorar:

Valkomiteen si innstilling: Torbjørn Hove og Lars Petter Aasen.

Dei vart samrøystes valt for eitt år.

Alle val vart gjort med akklamasjon.

Etter årsmøtet var heva, var det enkel servering. Fylkesfadder kunne ikkje møte.

Stordal, 12. februar 2025


Else Midtbust
protokollunderskrivar


May Britt Stavseng
protokollunderskrivar


Anna Margrethe Drægebø Moe
sekretær